

VEDTEKTER TYSNES TURLAG

Lokallag av Bergen og Hordaland Turlag

§1 Formål

Tysnes Turlag, omtalt som TT frå no av er eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag og skal samordna verksemda med Bergen og Hordaland Turlag. TT skal arbeida for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv på områdar i tilknytning til TT si verksemd.

§2 Arbeidsområde og medlemsområde

Tysnes Turlag inngår avtale med Bergen og Hordaland Turlag der organisatoriske forhold, gjensidige forpliktingar og lokallaget sitt medlemsområde og verkeområde er vist til.

Medlem av TT er òg medlem av Bergen og Hordaland Turlag/DNT innanfor avtalt medlemsområde.

Medlemskontingenten vert fastsett av Bergen og Hordaland Turlag.
Medlemskontingenten vert fordelt mellom TT og Bergen og Hordaland Turlag og DNT sentralt etter ein fastsett fordelingsnøkkel.

§3 Årsmøte

Årsmøte må haldast innan 20. februar. Det skal kallast inn til årsmøtet med minst 14 dagars varsel. Framlegg til Årsmøtet må være styret i hende innan utgangen av desember månad. Berre saker som er nemnd i innkallinga kan handsamast på Årsmøtet. Årsmøtedokumenta skal være tilgjengeleg på lokallaget si heimeside (og eventuelt i utskreve format) frå det tidspunkt innkalling er sendt ut. Papirformat skal delast ut på Årsmøtet.

Årsmøtet handsamar:

- 1) Årsmelding
- 2) Revidert Regnskap *
- 3) Framsette forslag
- 4) Val på:
 - Leiar for 1 år
 - Styremedlemmar for 2 år
 - Revisor for 1 år
 - Valkomitémedlemmar for 3 år

For medlemmar som ikkje har anledning til å stilla på årsmøtet, er det høve til å gje stemmeretten til eit anna medlem som er på Årsmøtet. Det må i så fall gjerast skriftleg og skrifteleg løyve frå fråverande medlem må leggjast fram på Årsmøtet.

Alle medlemmar frå fylte 15 år og eldre, har stemmerett.

Styret legg fram budsjett til orientering.

*Det er ikkje krav til autorisert revisor

Etter årsmøtet skal årsmøtepapira sendast Bergen og Hordaland Turlag.

§4 Ekstraordinært årsmøte

Etter vedtak i styret eller etter skriftleg krav frå minst 10 % av medlemmane, skal det haldast ekstraordinært Årsmøte.

Ved ekstraordinært Årsmøte skal dette kallast inn med minst 14 dagars varsel. Dei saker som skal handsamast skal det være informert om i denne innkallinga. All dokumentasjon som vedkjem det ekstraordinære årsmøtet skal være tilgjengeleg når dato og tid for møtet vert gjort kjent for medlemmane.

§5 Styret

Tysnes Turlag vert leia av eit styre.

Styret skal sørge for forsvarleg organisering av lokallaget.

Styret vert kalla inn til møte av leiar eller av 2 styremedlemmar i fellesskap.

Styret skal veljast av årsmøtet. Styret som vert valt av årsmøtet skal bestå av styreleiar og seks styremedlemmar.

Styreleiar vert valt på årsmøtet for 1 år.

Dei andre styremedlemmane vert valt på årsmøtet for 2 år.

Medlemmar av styret kan utan avbrudd inneha same årsmøte valt tillitsverv i maksimalt i 8 år.

Styret kan fatta vedtak når minst 50% + 1 av frammøtte medlemmar stemmer for vedtaket.

Styreleiar saman med eitt styremedlem pliktar TT med si underskrift.

§6 Arbeidsgrupper

Til å hjelpa til med arbeidet kan styret organisera arbeidsgrupper.

Arbeidsgruppene er ansvarleg ovanfor styret. Kvar arbeidsgruppe skal ha ein kontaktperson i styret. Styret finn kvart år medlemmar til arbeidsgruppene.

§7 Valkomité

Valnemda skal ha 3 medlemmar.

Fyrste årsmøte/ innstiftingsmøtet vel eitt medlem for eitt år, eitt medlem for to år og eitt medlem for tre år. Såleis står eitt medlem av nemnda på val ved kvart årsmøte. Valnemda vel sjølv leiar for eitt år.

Valkomiteen finn kandidatar til styreleiar og styremedlemmer. Medlemmer av lokallaget som er fylt 15 år eller eldre kan komma med forslag til kandidatar.

Seinast 14 dagar før Årsmøtet skal valkomiteen leggja fram si liste med kandidatar før det komande valet.

§8 Vedtektsendring

Endring av vedtektene skal godkjennast av minst 2/3 av dei med stemmerett på Årsmøtet. Forslag til vedtektsendringar må fyrst ha vore til uttale i styret til Bergen og Hordaland Turlag. Forslag til vedtektsendringar må vere kommen til styret innan utgangen av desember..

§9 Oppløysing av laget

Oppløysing av TT må verta vedteken av to Årsmøter og minst ¾ av dei med stemmerett på Årsmøte eller ekstraordinært Årsmøte må stemma for oppløysing av laget.

Ved oppløysing skal laget sin formue og egedelar overførast til Bergen og Hordaland Turlag.

SIGNATUR FRÅ STYRET DEN 7. JAN 2020

Rebecca Høgestøl LEIAR

Kell Stjøvde NEST LEIAR

Per Kvern Aase Styremedlem

Celine Ingv Dahl KASSERER

Ase Eines, skrivar/styremedlem.

Amhild S. Jendel, Varamedlem